

1 DIGITALT OG LOKALT

- ein modell for digital tilgang og lokal forvaltning av lokalhistorisk materiale.

Versjon/dato: 04.04.2005

Innholdsfortegnelse

1	MÅL	2
2	PROGRAMRELEVANS	3
2.1	FORHOLD TIL ANDRE LIKENDE PROSJEKTER OG TILTAK	3
3	NYTTEVERDI	4
4	GJENNOMFØRING	6
5	PROSJEKTORGANISERING	6
6	FREMDRIFTSPLAN MED MILEPÆLER	7
7	KOSTNADER PR. SAMARBEIDSPARTNER	8
8	FINANSIERING PR. SAMARBEIDSPARTNER	8
9	RESULTATUTNYTTELSE/GEVINSTREALISERING	9
9.1	PLAN FOR UTNYTTELSE AV PROSJEKTRESULTATENE.....	9
9.2	PLAN FOR REALISERING AV GEVINSTER/NYTTE.....	10
10	INFORMASJON OG RESULTATSPREDNING	10
11	FORHOLD TIL STANDARDER OG NASJONALE RETNINGSLINJER	10

1. Mål

Det finst eit rikt lokalthistorisk kjeldemateriale i alle kommunane i Hordaland. Fotoverntenesta i Fylkesarkivet har laga ein oversikt over det fotografisk materiale i Sunnhordland, som er eit område med små og mellomstore kommunar. Denne oversikten viser at alle kommunane har store og viktige fotosamlingar. I hovudsak er det fotoarkiv etter fotografar og lokalsamlingar. I Kvinnerad har dei fotoarkiva etter fotografane Ingemar Presthus og Andreas Elias Røvde, begge inneheld fleire tusen negativ. Det same gjeld Bømlo, som har arkivet etter fotograf Sam Olsen (1893-1955) og Etne som tek vare på arkiva etter fotografane Willum Ekrheim (1894-1978) og Ingvald Vik (1907-2001). Lokalsamlingane inneheld foto samla inn i samband med bygdebokskriving, utgjeving av årbøker eller det har vore lokale aksjonar for å få avfotograferte foto i privat eige. Tilgangen til fotomateriale er generelt sett dårleg. Ein del foto er registrert manuelt på det gamle fotokort, spesielt har dei i Etne gjort eit stort arbeid med å få dokumentert foto manuelt. I Bømlo vart det registrert over 8000 postar i Dataflex/WinRegimus på byrjinga av 1990-talet. Diverre har mangel på kunnskap om elektronisk registrering ført til feilregistrering i alle postane. Mykje av fotomaterialet er verken ordna eller registrert.

Hordaland har vore eit av pilotfylka i Arkivkartleggingsprosjektet som er sett i gong av ABM-utvikling. Gjennom dette arbeidet har Fylkesarkivet fått god oversikt over kva som finst av privat- og kommunalt arkivmateriale i kommunane. Det er endå ikkje føreteke noko systematisk analyse av resultatata av kartlegginga, men det ein kan slå fast for Sunnhordland er det finst mykje og viktig privatarkivmateriale bevart i alle kommunane. På Stord er det fleire interessant bedriftsarkiv og det er bevart viktig materiale frå eit rikt organisasjonsliv i alle av kommunane. Eit fellestrekk synest også å vere at materialet er lite i bruk, registreringa er mangelfull, nesten ingenting er digitalt tilgjengeleg og oppbevaringsforholda er lite tilfredstillande i kommunane.

Skal foto og arkivmateriale gjerast tilgjengeleg og sikrast for ettertida må det registrerast elektronisk, ein utvalt del må digitaliserast og ein må arbeide med å sikre materialet gode oppbevaringsforhold.

Den viktigast strategien i fyrste omgang er å sikre at digitale lokalthistoriske data vert lagra i kjente format og konvertert til nye bererar når det er nødvendig.

Hovudmål:

Etablere ein modell for digital tilgang og lokal forvaltning av lokalthistorisk materiale.

Delmål:

1. Utveljing - meisle ut generelle prisnipp og kriterium for utval av kva foto og arkivmateriale som skal digitaliserast.
2. Kompetanseheving - kurs og laupande rettleiing blir gitt til personale i folkebiblioteka, enkeltpersonar og lag.
3. Registrering lokalt - ønskje om kvalitativt gode opplysningar for å få identifisert bilde og setje det lokale materiale inn i rett samanheng. Registreringa må baserast på faglege standardar. Målsettinga er å få gode data for gjenfinning i ein elektronisk base.

4. Digitalisering regionalt - oppbygging av eit regionalt nettverk for kunnskap og formidling om digitalisering med tyngdepunkt på dei allereie etablerte miljøa. Målsettinga er eit godt digitalt sluttprodukt som kan brukast til elektronisk formidling og annan type formidling (utstillingar, bøker osv.)
5. Bevaring - etablere klare retningslinjer for kven som har ansvar for å sikre langtidslagring av det digitalisert materiale og databasar.
6. Formidling - utnytte eksisterande breibandnettverk til formidling av breibandskrevjande materiale.

2 Programrelevans

Fylkesbiblioteket og Fylkesarkivet i Hordaland vil gå saman med sju kommunar i Sunnhordland om å byggje opp ein regional modell for digital formidling og lokal forvaltning av lokalhistorisk materiale. Dei kommunane som er interessert i vere med i prosjektet er Stord, Fitjar, Bømlo, Etne, Kvinnherad og Austevoll. Det har vore gjennomført eit kartleggingsmøte, og prosjektet har brei tilslutning og forankring i kommunane.

Folkebiblioteka er den institusjonen i kommunane som Fylkesbiblioteket/Fylkesarkivet vil samarbeid direkte med. Gjennom folkebiblioteka knytte prosjektet kontakt til frivillige organisasjonar som sogelag, slektshistorie lag og enkeltpersonar med interesse for lokalhistorie. Vi ser også at det er mogeleg å samarbeide med lokalt næringsliv. I Bømlo er det lokale energiselskapet interessert i å vere med å gjere den lokale fotosamlinga digitalt tilgjengeleg. I Austevoll har Austevoll forlag vist same type interesse. Kanskje kan det vere mogleg å skape liknande interesse også i dei andre kommunane.

Alle kommunane i regionen er koplade til breiband, delvis er dei knytt saman med felles breibandsnett. Dette har dei fått til gjennom kommunesamarbeid og statleg finansierte prosjekt, som t.d. *Breiband til alle i Hordaland*. Breiband skaper betre kommunikasjonslinjer og mogleg med nye former for samarbeide. I prosjektet Digitalt og lokalt ønskjer vi å utnytte denne høge breibandskapasiteten til formidling av lokalhistorisk materiale. Spesielt interessant og utfordrande vert det å formidle lokalhistorisk materiale som krev stor kapasitet.

Målsettinga for prosjektet er utvikle og prøve ut ein modell for digital tilgang og lokal forvaltning av lokalhistorisk materiale. Denne modellen og erfaringar frå prosjektet kan overførast til likande tiltak i andre regionar og fylke.

2.1 Forhold til andre liknende prosjekter og tiltak

Det er viktig å dra med seg dei utfordringar som etablerte prosjekt har stått overfor og byggje vidare på denne erfaringa og kompetansen.

Austevoll var ein av kommunane som var med i prosjektet Skjermkontakt med lokalhistoria (<http://lokalhistorie.austevoll.kommune.no/austevollbilder.htm>). I etterkant av prosjektperioden har Austevoll smertefullt fått erfare kva for utfordringar ein står overfor når ein skal vidareføre eksternt finansierte prosjekt. Det gjeld vidareføring av prosjektet, sikring av data, drift av databasen og ikkje minst leggje inn nytt materiale. Det er lokal

dugnadsinnsats og entusiasme som har halde liv i prosjektet og redda databasen frå å forsvinne. Denne lærdommen saman med den kompetansen dei har opparbeidd seg i Austevoll på innsamling og formidling av lokalt materiale er viktig å dra med seg inn i eit nytt prosjekt.

Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane (<http://www.sffarkiv.no/>) er kanskje den institusjonen i Noreg med lengst erfaring frå digital formidling av lokalhistorisk materiale. Dei har opparbeidd seg stor erfaring i dokumentasjon, formidling og forvaltning av digitalt materiale. Sentralt i deira arbeid har vore utvikling av gode tekniske løysingar for forvaltning og formidling av digitaliserte kjelder. Dei har nyttig erfaring i konvertering av data til ny programvare. Hordaland fylkesarkiv har på fleire felt eit nært og godt samarbeid med Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane, og det er difor naturleg å utvide samarbeide til også å omfatte bevaring og tilgjengeleg gjering av digitalt materiale.

Nyleg avslutta, og svært relevant, er Prosjekt Trondheimsbilde (<http://www.trondheimsbilder.no/>), som er eit samarbeidsprosjekt mellom Universitetsbiblioteket i Trondheim/Gunnerusbiblioteket, Byarkivet i Trondheim, Sverresborg Trøndelag folkemuseum og Trondheim folkebibliotek. Spesielt interessant er utviklinga av ei tekniske løysinga der EIN klient går mot tre ulike databasar. Dei har kome fram til ei teknisk løysing der eit felles grensesnitt, med søk og treffliste, hentar fram bilde frå databasane Primus, Biblofil og Bibsys.

Av internasjonale prosjekt er The European Visual Archive – EVA (<http://192.87.107.12/eva/uk/search.asp>) den mest interessante i forhold til prosjektet Digitalt og lokalt. EVA er ein søkbar database som inneheld historiske fotografi frå London Metropolitan Archives and the Stadsarchieef Antwerpen frå 1840 fram til i dag. EVA formidlar digitale bilde frå to institusjonar i to land med ulike språk, England og Nederland. Eit av hovudmåla for EVA har vore å spreie kunnskapen om digitalisering og formidling av historiske fotografi. EVA har difor integrert alle dei prosessane ein må gjennom å sikre digitale tilgangen til fotografiske samlingar i offentlege arkiv. Dei har mellom anna utvikla allmenn tilgjengeleg programvare, formidla via Internett, for å senke terskelen til å ta i bruk systemet.

3 Nytteverdi

Registrering og digitalisering av kulturhistorisk materiale krev to typar kompetanse; for det første kunnskap om materiale og for det andre teknisk kunnskap, bruk av programvare. I tillegg må ein ha relevant teknisk utstyr.

I prosjektet Digitalt og lokalt er målsettinga å utvikle ein lokal modell for registrering og ein regional modell for digitalisering av materiale. Dette er gjort for å best å kunne nyttiggjere seg den kunnskapen som finst både lokalt og regionalt. Den andre viktige målsettinga er å sikre bevaringa av dei digitale kjeldene for ettertida.

Registrering – lokal modell

All erfaring tilseier at lokalt materiale registrerast kvalitativt best lokalt, det er folk med kunnskap om lokalsamfunn, personar og hendingar som kan identifisere bilde og setje det lokale materiale inn i rett samanheng. Den store styrken til fotobasen til Fylkesarkivet i Sogn

og Fjordane er dei gode lokalhistoriske opplysningane knytt til det einskilde fotografiet. Like viktig er det å følgje nasjonale standardar. Eit minimumskrav til registrering av foto er at den følgjer minste registreringsstandard, basert på *Feltkatalogen*. Registrering av skriftlege arkiv må følgje ålment arkivskjema. I tillegg må ein ta i bruk nasjonalt utvikla metadata. For foto korresponderer den minste registreringsstandard med små justeringar til felta i Dublin Core. Registreringa av det skriftleg arkivmateriale må samanfalle med felta i *Samkatalogen for privatarkiv*, som er ein nasjonal database over arkiv etter personar, bedrifter, organisasjonar og institusjonar som vert vedlikehalde av Riksarkivet.

Prosjektet vil ikkje binde registrering til ein spesiell type programvare, men all registrering må som sagt byggje på nasjonale standardar. I praksis vil vi ta i bruk tre typar program; Bibliofil og WinRegimus (ev. Primus) og Asta. Dette er eit pragmatisk val; alle tre programma er allereie i bruk. Alle folkebiblioteka brukar Bibliofil, fleire historielag har gått til innkjøp av WinRegimus og Asta er det einaste dataprogrammet som spesielt er utvikla for registrering av skriftleg arkivmateriale. Det vil difor vere ein fordel at ein tek i bruk dette programmet.

Digitalisering – regional modell

Digitalisering av lokalt kulturhistorisk materiale krev kompetanse og teknisk utstyr. Digitalisering av foto bør følgje dei nasjonale retningslinjene som er anbefalt i rapporten *Digitalisering av fotosamlingar*. Det er ikkje på same måte blitt utarbeidd ein standard for digitalisering av skriftleg materiale, men minimumsstandard for foto kan også brukast for dette materialet. I Hordaland har både Statsarkivet og Universitetsbiblioteket i Bergen bygd opp miljø med god erfaring og kompetanse på digitalisering av større samlingar og kulturhistorisk materiale. Lokalt manglar både føresetnadane for og kunnskap om digitalisering av foto og skriftleg materiale. Vi ønskjer difor å byggje opp eit regionalt nettverk for kunnskap og formidling om digitalisering, med tyngdepunkt på dei allereie etablerte miljøa. Heilt praktisk vil ein anten kunne kjøpe tenester av institusjonar i det regionale nettverket eller dei vil kunne lærer opp enkeltpersonar med føresetnadar for å gjere dette arbeidet lokalt. Dei som skal digitalisere materiale lokalt må sikrast opplæring, oppfølging, og ikkje minst må digitaliseringsarbeidet kvalitets sikrast.

Forvaltning og bevaring av digitale data

Endringane av serversystemet og lagringsmedium skjer hurtig. Kommunane inngår raskt nye avtaler, med nye firma om lagring og vedlikehald av sine datasystem. Det gjer digitalt registrert materiale sårbart. Det er viktig at nokon kjenner ansvar for det lokalhistoriske materiale i desse raske endringsprosessane. I dette prosjektet vil vi ikkje byggje opp nye system for å sikre langtidslagringen av det digitalisert materiale og databasar, men knytte dette ansvarsfeltet opp til folkebiblioteka. Truleg er dei best eigna lokalt til å ta på seg eit slikt arbeid. I tillegg vil Fylkeskommunen ta ansvar for å sikre data på ein eigen server.

Fylkesbiblioteket, Fylkesarkivet og kommunane vil bidra med personalressursar og økonomiske midlar til å få gjennomført prosjektet. Støtte frå Høykom vil vere avgjerande for å få digitalisert materialet, kjøpt utstyr og knytte til seg kompetanse for utvikling av elektroniske formidlingskanalar.

4 Gjennomføring

Prosjektet vil bli lokalt har lokal forankring i kommunane og vil bli koordinert regionalt av Fylkesbiblioteket og Fylkesarkivet. Dette er gjort for å sikre at ein brukar nasjonale standardar i arbeidet samstundes som ein byggjer opp kompetanse på feltet i kommunane.

Ein risiko er at ein eller fleire av kommunane trekkjer seg frå prosjektet. Det vart difor gjennomført eit kartleggingsmøte for kommunane i regionen. Det vart god oppslutning og stor interesse for å vere med i prosjektet. Prosjektet vil heller ikkje vere avhengig av at alle kommunane bidrag i like stor grad.

Eit anna risikoelement er knytt til utviklinga av dei tekniske løysingane i prosjektet. Dette vil vi prøver å unngå gjennom å byggje på erfaringar frå andre, likande prosjekt (sjå punkt 2.1) og forankre arbeide i den kompetansen som finst på Fylkesbiblioteket og Fylkesarkivet.

5 Prosjektorganisering

Ideen om at vi kunne gjere dette til eit regionalt prosjekt vaks fram etter som fleire av kommunane i Sunnhordland vende seg til fylke med ønskje om hjelp til formidling av lokalt materiale. Sunnhordland er geografisk knytt saman, det er ein befesta region, og det knyter seg ein identitet til det å vere Sunnhordalending. Funksjonelt for dette prosjektet er også at området er bunde saman gjennom eit delvis felles breibandnett. Dei kommunane som er interessert i vere med i prosjektet er Stord, Fitjar, Bømlo, Etne, Kvinnherad og Austevoll.

Prosjektet byggjer samarbeid opp langs to aksar:

1. Samarbeid mellom Fylkesbiblioteket i Hordaland og Hordaland fylkesarkivet.
Fylkesbiblioteket og Fylkesarkivet vil gå saman om å koordinere prosjektet, og vil vere ansvarleg for å utarbeide retningslinjer og kriterium for arbeidet.
Fylkesbiblioteket har bygd opp eit tett og godt samarbeid med folkebiblioteka i fylket, dei har god erfaring med nettverksbygging og oppbygging av regional fagleg kompetase. Fylkesarkivet har eit overordna ansvar for bevaring og formidling av arkiv i fylket og gjev råd om lokalhistorisk arbeid, lokalhistoriske arkiv, stadnamn og foto. Fotoverntenesta vart etablert for vere eit kompetansesenter for alle som arbeider med fotovern i fylket. Hovudmålet er å bevare, sikra og gjere lett tilgjengeleg fylket sin fotografiske kulturarv. Fylkesbiblioteket og Fylkesarkivet har gode føresetnadar til å fungere som bindeledd mellom kommunane og byggje opp ein regional modell for digitalisering, og arbeide med å gjere lokalt materiale tilgjengeleg.
2. Samarbeid mellom Fylkesbiblioteket/Fylkesarkivet, folkebiblioteka i Sunnhordland og frivillige organisasjonar (sogelag, slektshistorie lag og enkeltpersonar med interesse for lokalhistorie). Vi ser også at det er mogleg å samarbeide med lokalt næringsliv. Prosjektet vert lokalisert til folkebiblioteka i kommunane, ein av hovudgrunnane er at mykje lokalhistoriske kjeldematerialet allereie er plassert i biblioteka og at dei har breibandtilknytning. Folkebiblioteka er fysisk og mentalt etablert sentralt i lokalsamfunna som ein arena for innhenting og formidling av kunnskap. Det er difor naturleg å bruke dei også som arena for formidling av lokalhistorisk materiale. Ein annan viktig grunn er at folkebiblioteka har kompetanse på elektronisk registrering.

Dei har også realistiske føresetnadar for å kunne sikre arbeide med digital og fysisk sikring av materialet. Ikkje minst har Folkebiblioteka ambisjonar om å vere ein arena for livslang læring, og i den samanheng er det lokale materiale ein viktig ressurs.

6 Fremdriftsplan med milepæler

	Start	Slutt
1. Utveljing Vedteke kriterium for utval	august 2005	desember 2005
2. Kompetanseheving Kursing i registrering og digitalisering	september 2005	juni 2006
3. Registrering lokalt Ferdig registrerte opplysningar til materiale	januar 2006	juni 2007
4. Digitalisering regionalt Avtale med leverandørar regionalt	januar 2006	juni 2007
5. Bevaring Ansvarsdeling for langtidslagring	august 2005	juni 2006
6. Formidling Teknisk utstyr og programvare på plass	januar 2007	desember 2007

7 Kostnader pr. samarbeidspartner

Budsjett digitalt og lokalt

Kostnadsplan	2005	2006	2007	totalt
<i>Personal- og indirekte kostnader</i>	505 000	865 000	865 000	2 235 000
<u>Fylkeskommunen:</u>				
Fylkesbiblioteket	100 000	200 000	200 000	
Fylkesarkivet	150 000	200 000	200 000	
<u>Kommunar:</u>				
Bømlo	30 000	60 000	60 000	
Etne	30 000	60 000	60 000	
Fitjar	30 000	60 000	60 000	
Kvinherad	30 000	60 000	60 000	
Stord	30 000	60 000	60 000	
Tysnes	30 000	60 000	60 000	
<u>Private/frivillige</u>				
Embla	30 000	60 000	60 000	
Etne sogelag	15 000	15 000	15 000	
DIS	15 000	15 000	15 000	
Sunnhordland museum	15 000	15 000	15 000	
 <i>Innkjøp av FoU tenester</i>				
Fylkeskommunen	320 000	535 000	50 000	905 000
Bømlo	70 000	285 000	50 000	
Kvinherad	200 000	200 000		
	50 000	50 000		
 <i>Utstyr</i>				
Fylkeskommunen	80 000	360 000		440 000
Bømlo		200 000		
Etne	10 000	20 000		
Fitjar	10 000	20 000		
Kvinherad	10 000	20 000		
Stord	10 000	20 000		
Tysnes	10 000	20 000		
Embla	10 000	20 000		
Etne sogelag	10 000	20 000		
 <i>Andre driftskostnader</i>				
Fylkeskommunen	60 000	100 000	80 000	240 000
	60 000	100 000	80 000	
 TOTALSUM	965 000	1 860 000	995 000	3 820 000

8 Finansiering pr. samarbeidspartner

Finansieringsplan	2005	2006	2007	
Eigne midlar				
Fylkeskommunen:	300 000	400 000	400 000	1 100 000
Bømlo	220 000	250 000	50 000	520 000
Etne	20 000	50 000	50 000	120 000
Fitjar	20 000	50 000	50 000	120 000
Kvinherad	70 000	100 000	50 000	220 000
Stord	20 000	50 000	50 000	120 000
Tysnes	20 000	50 000	50 000	120 000
<u>Private/Institusjoner:</u>				
Embla	25 000	35 000	15 000	75 000
Etne sogelag	15 000	15 000	15 000	45 000
DIS	15 000	15 000	15 000	45 000
Sunnhordland museum	15 000	15 000	15 000	45 000
Totalsum	740 000	1 030 000	760 000	2 530 000

Søknadssum Høykom: 225 000 830 000 235 000 1 290 000

	2005	2006	2007
Egeninnsats	740 000	1 030 000	760 000
Annet bidrag	225 000	830 000	235 000
Totalt	965 000	1 860 000	995 000

9 Resultatutnyttelse/gevinstrealisering

9. 1 Plan for utnyttelse av prosjektresultatene

Kommunane:

- Får registrert og digitalisert det lokalhistoriske materialet etter faglege standardar.
- Får formidla elektronisk lokalhistorisk materiale.
- Sikra langtidlagringa av det elektroniske materialet .
- Bygger opp fagleg kompetanse på registrering, digitalisering og langtidslagring av elektronisk materiale.
- Får utnytta si satsing på breiband.
- Får eit kvalitetssikra digitalt materiale som kan vere eit bidrag i nasjonale satsingar på elektronisk formidling.

Frivillige organisasjonar

- Får opplæring i bruka av verktøy for registrering og digitalisering.
- Får opplæring i fagleg registrering av det lokalhistoriske materiale.
- Får elektronisk tilgang til det lokalhistoriske materialet.

Privat næringsliv

- Byggjer opp digital kompetanse i lokalsamfunnet
- Utvikle gode elektroniske formidlingskanalar som også kan brukast til anna type formidling
- Kompetanse på elektronisk registrering og langtidslagring av digitale data kan få overføringsverdi for digitalt materiale skapt lokalt næringsliv.
- Får elektronisk tilgang til historiske bilde og anna type materiale som kan utnyttast i næringsverksemd.

Fylkesbiblioteket/Fylkesarkivet

- Utvikle modell for elektronisk formidling og bevaring av lokalhistorisk kjelder som kan overførast til andre regionar i Hordaland og resten av landet.
- Sikre at dei lokalhistoriske kjeldene blir registrert, digitalisert og bevart etter nasjonale standardar.
- Bidra til utvikling av Folkebiblioteka til ein arena for livslang læring.

9.2 Plan for realisering av gevinstar/nytte

Nytten av dette prosjektet ligg i at tilgangen til det lokalhistoriske materiale vert betre. Historia i eit lokalsamfunn er samansett av eit mangfald av sanningar – mange historier kan forteljast om den same hendinga. Ei fortsetjing for å kunne fortelje dei mange historiene er at kjeldemateriale er tilgjengeleg – og at folk sjølv, ved hjelp av eige kritisk blikk kan gå inn å sjå kva som ligg til grunn for dei historiene som vert fortalt. Lokalhistorisk materialet inneheld informasjon og kunnskap om lokale tilhøve, og er ein av grunnsteinane for historisk kunnskap om lokalsamfunna. Dette er ein av hovudgrunnane til å digitalisere lokalt kjeldemateriale og laga gode formidlingskanalar for dette materiale på Internett.

10 Informasjon og resultatsredning

Prosjektet vil arbeide med å utvikle gode formidlingskanalar på Internett, og utnytte utbygd breibandnettverk i regionen til formidling av høgopplagsleg biletmateriale. Formidlinga av det digitale materiale må då gjerast ved hjelp av eit systemuavhengig verkty. Digitale bilde og registrerte opplysningar må enkelt kunne koplant saman. Det må lett kunne eksporterast data til eksterne databasar. Prosjektet vil utvikle ein fleksibel internettmodell som er tilpassa dei spesielle krav og ynskje som kommunane har til nettbasert formidling av lokalhistorisk materiale. Samstundes skal metadata saman med digitalisert materiale enkelt kunne formidlast gjennom regionale og nasjonale databasar (t.d. Norsk digitalt bibliotek og Galleri NOR) dersom det er ønskjeleg. Fylkeskommunen vil ha ein eigen server og nettstad for prosjektet, kvar kommune vil "eige" sin del, men med søkjemoglegheit på tvers. Viktige formidlingskanalar som prosjektet vil samarbeide nært med er *Skuleportalen* og *Kulturnett Hordaland*.

Resultata frå prosjektet vil også bli presentert i fagtidskrift i Noreg og Norden innanfor arkiv og bibliotek.

11 Forhold til standarder og nasjonale retningslinjer

Registrering

Eit minimumskrav til registrering av foto er at den følgjer minste registreringsstandard, basert på *Feltkatalogen*. Registrering av skriftelge arkiv må følgje ålment arkivskjema. I tillegg må ein ta i bruk nasjonalt utvikla metadata. For foto korresponderer den minste registreringsstandard med små justeringar til felta i Dublin Core. Registreringa av det skrifteleg arkivmateriale må samanfalle med felta i *Samkatalogen for privatarkiv*, som er ein nasjonal database over arkiv etter personar, bedrifter, organisasjonar og institusjonar som vert vedlikehalde av Riksarkivet.

Digitalisering

Digitalisering av foto vil følgje dei nasjonale retningslinjene som er anbefalt i AMB-utvikling sin skriftserie #1 *Digitalisering av fotosamlingar*. Det er ikkje på same måte blitt utarbeidd ein standard for digitalisering av skrifteleg materiale, men minimumsstandard for foto kan også brukast for dette materialet. Dei som skal digitalisere materiale lokalt må sikrast opplæring, oppfølging, og ikkje minst må digitaliseringsarbeidet kvalitets sikrast.

Bevaring av digitale data

Det er endå ikkje laga nasjonale standardar for sikker langtidslagringa av digitalt materiale, og bevaring av lokalhistoriske digitale data for ettertida er spesielt sårbar. Riksarkivet har utarbeidd retningslinjer for bevaring av digitalt materiale i offentlege etatar, men dei kan ikkje utan vidare brukast på lokalhistorisk materiale. Fleire relevante prosjekt er under arbeid på dette feltet; både Privatarkivavdelinga på Riksarkivet og Landslaget for lokal- og privatarkiv (<http://elarkiv.nxc.no/>) har fått midlar frå ABM-utvikling.